



ØRSTA KOMMUNE

Ordføraren

Kommunaldepartementet

postmottak@kd.dep.no

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2008/133	1542/2008	FAGERHOL	B00	06.02.2008

Ørsta kommunestyre i møte 29.01.2008, sak 8/08, hadde slik samrøystes

HØYRINGSUTTALE OM KRL-FAGET

- 1) Ørsta kommune meiner det er viktig at alle norske skulefag er i samsvar med menneskerettane. Samtidig er det naudsynt å ha kjennskap til sin eigen bakgrunn for å forstå andre.
- 2) Departementet går no unødvendig langt i forhold til å redusere kristendommen sin plass i KRL-faget. Difor ber Ørsta kommune om at dei kristne og humanistiske verdiane framleis vert vekt på ein god måte i framtida sitt skulefag som femner om religion, livssyn og etikk.
- 3) Dommen som vart avsagt i Den europeiske menneskeretts-domstolen (EMD) 27. juni 2007 byggjer på KRL-faget slik det var ut i frå Læreplanen av 1997 (L97). Men faget har seinare vorte endra slik at det allereie har imøtekomme ein del av det som dommen seier skal endrast. Difor er det ikkje nødvendig å gje avkall på så mykje av si eiga kulturhistorie, som det no vert lagt opp til.
- 4) Ørsta kommune synest namnet på faget framleis kan vere KRL; kristendoms-, religions- og livssynskunnskap.

Med helsing

Gudny Fagerhol
ordfører

Kopi til:
Oppvekst/kulturktr. v/Per Oleiv Hovland